



Arkitekt Mette Kyed Thorson
Kvalen 16
5955 LINDÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/1401 - 20/9889

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:
22.02.2020

Ferdigattest - gbnr 62/14 Tofing

Administrativt vedtak. Saknr: 210/20

Tiltakshavar: Bjørn Moe
Ansvarleg søkjar: Arkitekt Mette Kyed Thorson
Søknadstype: Søknad om ferdigattest

VEDTAK

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10 vert det gjeve ferdigattest for fritidsbustad og naust på gbnr. 62/14.

Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 07.12.2017 (rammeløyve), 30.08.2018 (igangsetjingsløyve) og 11.02.2020 (endringsløyve). For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad mottatt 21.11.2019.

Skildring

Adresse:	Lurevegen 1005
Bygningstiltak:	Fritidsbustad med bygningsnummer: 300669494 Naust med bygningsnummer: 300669499
Bruksareal:	Fritidsbustad: 105 m ²

	Naust: 36 m ²
Avlaup:	Privat avlaupsløysing med felles slamavskiljar
Vatn:	Privat vassforsyning frå borehol
Tal på røykløp:	1

Regeleverk

- Krav om sluttkontroll og ferdigattest følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.
- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/1401

Med vennleg helsing
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Arkitekt Mette Kyed Thorson	Kvalen 16	5955	LINDÅS
Bjørn Moe	Østre Nordeidbrekka 15	5252	SØREIDGREND
Helga Wigestrands Moe	Østre Nordeidbrekka 15	5252	SØREIDGREND

Mottakarar:

Arkitekt Mette Kyed Thorson	Kvalen 16	5955	LINDÅS
-----------------------------	-----------	------	--------